



Stein Otto Hole  
Vassendveien 91  
5174 MATHOPEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1560 - 17/19526

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.06.2017

## Løyve til utslepp og løyve til etablering av minireinseanlegg - gbnr 103/7 Fjellanger

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg med tilknytte røyr.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt leidningsnett.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.05.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

I dag kjører eiendommen avløpsvann til eldre betong kumme uten noe god form for rensing.

Det er nå naturlig å oppgradere til Minireinseanlegg (biovac fd10n grp for nedgraving) for å få en tilfredstillende rensing.

Det er her ingen tvil om att ett rensanlegg vil være ett positivt tiltak for området.

Etter samtaler med statens vegvesen er 10mtr en avstand som de kan akseptere(se vedlegg)

### Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Det er henta inn slik uttale frå Statens vegvesen den 15.05.2017:

*«Statens vegvesen avslo ein søknad om oppføring av teknisk installasjon innanfor byggjegrænse langs veg, då vi meinte tiltaket kom for nære vegen. Denne vurderinga står ved lag.*

*Søklar har no sendt inn eit nytt framlegg for tiltaket – utan kartvedlegg – der det vert skissert at tiltaket kan trekkast om lag 10 meter vekk frå vegmidte. Vi meiner at dette er ein avstand vi kan akseptere. Kommunen må då setje vilkår om at det ikkje kan krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretninga ligg nær FV. 404.*

*Når det gjeld utslepp til bekk og stikkrenne under fylkesveg har vi ikkje merknad til dette så lenge kommunen godkjenner utsleppet.»*

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.05.2017. Det er av tiltakshaver opplyst om at renseanlegg merka FD 10 N GRP på situasjonskart skal plasserast parallellt med etterpoleringsanlegget i forhold til vegen. Minimumavstand i frå veg på 10 m gjeld også for renseanlegget, og det skal seinast ved søknad om ferdigattest sendast inn oppdatert situasjonskart der anlegga er teikna inn på kartet og målsatt.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 10,16 m. Statens vegvesen har i uttale datert 15.05.17 stadfesta at de aksepterer denne avstanden i frå offentleg veg.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om utsleppsløyve i same søknad. Søknad om utslepp gjeld for minireinseanlegg med etterpolering.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Tomta er i dag bygd med heilårsbustad. Det er difor allereie opna opp for bustadføre mål på tomta. Naudsynt infrastruktur som eit privat avlaupsanlegg er påreknelig ved utbygging av bustadtomter. Etablering av minireinseanlegg og nedgravde røyr er lite synleg i landskapet. Anlegget sikrar bustaden ei trygg og forutsigbar avlaupshandtering som også er teneleg for de rundtliggende områdene. Administrasjonen finn difor at ein kan opne opp for dispensasjon i frå LNF-føremålet da ein finn at anlegget ikkje er til vesentleg ulempe for LNF-føremålet og interessa knytt til dette.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av minireinseanlegg og tilknytte røyr til dette anlegget.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i **eitt-trinn** for oppføring av minireinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Det skal sendast inn situasjonskart som synar faktisk plassering av minireinseanlegget og deler knytt til dette, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal etablerast og driftast i samsvar med gjeldande utsleppsløyve

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1560**

Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld*

*føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

*Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

*Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Vvs Nils Træland AS

Postboks 42

5951

LINDÅS

**Mottakarar:**

Stein Otto Hole

Vassendveien 91

5174

MATHOPEN